

Til Paris for barnebarna

Besteforeldre til aksjon for klimaet under klimamøtet i Paris

Haugesunds Avis. Publisert på trykk 05.12.2015.
TORA HOPE. - redaksjonen@h-avis.no. Seksjon: NYHETER.
Side: 13.
Del: 1.

KLIMA

- I store nok svermar vert vi ubehagelege, seier Hanne Elisa Rundhaug (70) og Steinar Rundhaug (73). Dei reiser frå Haugesund til Paris for klimaet.

- Vi tenkjer på framtida til barnebarna våre, seier Hanne Elisa Rundhaug.

Saman med 90 andre aktivistar har ho og mannen tatt «Klimatoget» til klimatoppmøtet i Paris. Dei to haugesundarane har lang fartstid i miljøørsla. Dei har vore medlem i Naturvernforbundet i mange år og er no med i Besteforeldrenes klimaaksjon (BKA).

Organisasjonen er ein av arrangørane av og godt representerte på klimatoget. I tillegg er det med deltakarar frå mellom anna Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, Spire og Framtiden i våre hender.

Vanskeleg balansegang

Målet er klimaforhandlingane i Paris, der delegasjonar frå alle verdas land skal bli einige om korleis vi skal handtere klimaendringane dei komande åra.

Så langt har fleire enn 170 land meldt inn kor mykje utslepp dei er viljuge til å kutte. Optimistane seier det er eit stort steg i riktig retning at så mange land har kome med sine innspel. Pessimistane peikar på at dei innmeldte utsleppsreduksjonane ikkje vil vere nok til å nå togradersmålet.

Besteforeldra frå Haugesund trur det er på sin plass med litt forsiktig optimisme.

- Eg ser at det skjer ei oppvakning, der fleire blir interesserte i temaet, seier Hanne Elisa.

- Ein kan ikkje forlate Paris utan ein skikkeleg avtale, men det er mange hindringar. Til dømes må president Obama halde seg innanfor ein vanskeleg balansegang for at avtalen ikkje skal bli avvist i Kongressen, seier Steinar.

Klimaavtale for folket

Sjølv om den største klimamarsjen vart avlyst etter terroråtaka, er det proppfullt av aktivitetar i Paris dei komande dagane.

Sivilsamfunnsaktørar, forskarar og politikarar frå heile verda inntek byen.



Besteforeldra skal mellom anna delta på «Folkets klimatoppmøte» i Montruil, ein bydel aust i Paris.

Hanne Elisa fortel at ho håpar forhandlingane leier til ein avtale som vert folkets klimaavtale.

- Det er ofte lett å snakke om kva naboen bør gjere, men no håpar eg på eit nytt medvite blant folk. Vi kan ikkje vere pessimistiske, men må tru på at folk har saman har kraft og eit ønskje om endring.

Halfdan Wiik frå Stord er ein av initiativtakarane bak Besteforeldrenes klimaaksjon. Han er med klimatoget til Gøteborg, saman med barnebarnet sitt Helena Fauskanger Wiik.

Halfdan meiner det er heilt opplagt at besteforeldre bør engasjere seg i klimasaka.

- Det ville vore veldig rart viss vi ikkje gjorde det. Vi er jo normale opplyste menneske, og vi veit at viss vi ikkje hamlar opp med dei veldig alvorlege klimaendringane, så ligger barnebarna våre litt tynt an, seier han.

Sverm som vil merkast

Hanne Elisa og Steinar meiner klimaavtalen bør få ringverknader, også heime i Haugesund. Auka satsting på kollektivtransport, miljøvenleg byplanlegging, økologisk mat, jordvern og å leggje til rette for at folk skal kunna ta klimavenlege val er blant klimatiltaka dei ramsar opp.

- Noko som er gamaldags og utdatert tankegang er planane om å byggje firefelts motorveg i Karmsundsgata - rett gjennom sentrum, seier Steinar.

- Kva skal det hjelpe at de reiser heile vegen til Paris? - Du veit, vi er som små mygg. Når vi kjem i store nok svermar vert det ubehageleg, seier Hanne Elisa.

- Det vil bli lagt merke til, slår Steinar fast.

• FAKTA

▸ Mellom 30. november og 11. desember er det klimatoppmøte i Paris. ▸ Då skal delegasjonar frå 180 land bli einige om ein avtale om kva vi skal gjere med klimaendringane.

▸ NSB sponsa Besteforeldrenes klimaaksjon og andre organisasjonar med eit eige klimatog frå Oslo til Gøteborg torsdag denne veka.

▸ Deretter tok besteforeldra ferja til Kiel og tog derifrå til Paris. Klokka 21 fredag kveld kom alle fram til Paris.